



## MØTEPROTOKOLL

### Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,  
Ejve og Hornnes

Møtestad: Revsnes hotell  
Dato: 28.02.2018  
Tid: 09:00

#### Faste medlemar som møte:

Namn	Funksjon	Representerte
Bjørn Alfred Ropstad	Leder	E OG H KOMMUNE
Jon Rolf Næss	Nestleder	BYKLE KOMMUNE
Kay A. Jeiskelid	Medlem	BYKLE KOMMUNE
Steinar Kyrvestad	Medlem	VALLE KOMMUNE
Knut Hagen	Medlem	VALLE KOMMUNE
Vidar Frøysnes	Medlem	BYGLAND KOMMUNE
Leiv Rygg	Medlem	BYGLAND KOMMUNE
Lars Reidar Vasland	Medlem	E OG H KOMMUNE

#### Varamedlemar som møte:

Namn	Møtte for	Representerte
------	-----------	---------------

#### Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Signe Sollien Haugå	Dagleg leiar
Runar Granheim	Rådgjevar
Frantz Are Nilsen	Rådmann Bykle kommune
Aud Sunniva Fuhr	Rådmann Valle kommune
Aasmund Lauvdal	Rådmann Bygland kommune

Valle,

Marie J. Pedersen  
Utvalsesekretær

Saksnummer	Innhald
PS 1/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 14.12.17
PS 3/18	Styreleiar orienterar
PS 4/18	Dagleg leiar orienterar
PS 5/18	Leiar rådmannsutvalet orienterar
PS 6/18	Fylkeskommunen orienterar
PS 7/18	Referatsaker
RS 1/18	Referatsaker - styremøte 28. feb 2018
PS 8/18	Delegerte saker
DS 1/18	Svar på søknad om etableringsstøtte
DS 2/18	Svar på søknad om støtte til piloutvikling - marknadsavklåring - nettløysing
DS 3/18	Svar på søknad om tilskot til nydyrking, Gnr/bnr: 19/10
DS 4/18	Svar på søknad om tilskot til dyrking
DS 5/18	Svar på søknad om tilskot til nydyrking 1/11 Øvre Dåsvand
DS 6/18	Svar på søknad om tilskot til nydyrking på Tveit gnr. 19, bnr. 5
DS 7/18	Svar på søknad om tilskot til nydyrking
PS 9/18	Drøfting/orienteringssaker
PS 10/18	Orientering ymse repr / utval
PS 11/18	Førespurnader
PS 12/18	Konstituering - val av representantar til representasjon
PS 13/18	Offentleg innkjøp - innkjøpssamarbeid og lokal verdiskaping
PS 14/18	Høyringsuttale - planprogram Regionplan Agder 2030 - Setesdal regionråd
PS 15/18	Handsaming - søknad om deltaking i MARA- prosjektet Drøfting/orienteringssaker
DR 1/18	Førespurnad - Åseral kommune - observatørstatus - Setesdal regionråd
PS 16/18	Stipendordning profesjonelt styre
PS 17/18	Selskapsorganisering - Evjeklinikken AS - invitasjon emisjon
PS 18/18	Søknad - Ose Water Drøfting/orienteringssaker
DR 2/18	Drøfting - Setesdal bilruter



## **PS 1/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

Saklista godkjent med ei tilleggssak; val av representant til Bjoren grunnfond. Samrøystes.

## **PS 2/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 14.12.17**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

**Vedtak:**

Protokoll frå møte 14.12.2017 – godkjent. Samrøystes.

---

## **PS 3/18 STYRELEIAR ORIENTERAR**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Styreleiar orienterte om føreståande eigarmøte i Agder energi – og tema linerydding.

Rv 9 prosjektet vil følgje opp Handlingsprogrammet 2018-2023 – raskt etter at dette er lagt fram.

Ropstad orienterte og om framdrifta i handsaminga vedtektsendringar og oppnemning av nye representantar til styret frå dei ulike kommunane.

Jon Rolf Næss orienterte om aktiviteten i Setesdal Gründer- og samfunnsutvikling (SGOS), og viktighet av å vidareføre viktige tiltak utover 2018. Semje om at det er positivt og viktig – og at blir sak i styret hausten 2018.

Styreleiar føreslo at styremøta blir lagt rundt om til kommunehusa , neste styremøte 25.april blir i kommunestyre

salen i Bygland.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til orientering. Samrøystes.

## **PS 4/18 DAGLEG LEIAR ORIENTERAR**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Dagleg leiar orienterte om pågåande arbeid innafor drift, næringsutvikling, kompetanseutvikling, interkommunalt samarbeid, infrastruktur – og ulike arrangement, utviklinga i reiselivsorganisering mv. Kommunane vart minna om møte vedrørende utfall av tele/kraft 7.mars 2018.

Det vart orientert om Inn-på-tunet- møte 16 mars, Setesdalskonferansen 12.-13.april mv.

**Vedtak:**

Styret slutta seg til framlegg til utmerking / utlysing av Setesdalspris mm.

Styret tek orienteringa ellers til orientering. Samrøystes.

**PS 5/18 LEIAR RÅDMANNSUTVALET ORIENTERAR**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Aasmund Lauvdal orienterte om saker frå rådmannsmøte m.a. om valkomiteen si innstilling til val av nestleiar i Brann IKS, fordeling av prosjektskjønnsøknader til Fylkesmannen, søknad frå Valle kommune om innmelding i LMT Setesdal, drøftingar kring økonomiutvikling i interkommunale samarbeid, nettverk (representasjon/rapportering/forankring), MARA-prosjektet m.m. RM har oppnemnt Aud-Sunniva Fuhr til å representere Setesdal inn i innkjøpssamarbeidet i Agder (OFA).

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa ellers til orientering. Samrøystes.

**PS 6/18 FYLKESKOMMUNEN ORIENTERAR**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Utgjekk pga forfall til møtet.

**PS 7/18 REFERATSAKER**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Leiv R. Langerak orienterte om planlagt stenging av Fånefjellstunellen i samband med oppgradering, og bad om at SR og involverer seg i høve framtidige drøftingar om dette.

Steinar Kyrvestad føreslo at innstillinga normalt skal ha ordlyd «til orientering» , og føreslo endring av vedtak tilsvarande. Endringsframlegg vedteke samrøystes.

**Vedtak:**

Styret tek saka til orientering.

Styret er positive til at Fånefjell blir ein del av Rv 9-prosjektet.

## REFERATSAKER

### Vedtak:

Styret tek sakene til orientering. Samrøystes.

## RS 1/18 REFERATSAKER - STYREMØTE 28. FEB 2018

### PS 8/18 DELEGERTE SAKER

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018

#### Handsaming:

Det vart og orientert om at delgert fullmakt er nytta til løyving til Troll Mountain i samråd mellom styreleiar og dagleg leiar.

### Vedtak:

Styret tek sakene til etterretning. Samrøystes.

## DELEGERTE SAKER

### DS 1/18 SVAR PÅ SØKNAD OM ETABLERINGSSTØTTE

### DS 2/18 SVAR PÅ SØKNAD OM STØTTE TIL PILOUTVIKLING - MARKNADSAVKLÅRING - NETTLØYSING

### DS 3/18 SVAR PÅ SØKNAD OM TILSKOT TIL NYDYR KING, GNR/BNR: 19/10

### DS 4/18 SVAR PÅ SØKNAD OM TILSKOT TIL DYR KING

### DS 5/18 SVAR PÅ SØKNAD OM TILSKOT TIL NYDYR KING 1/11 ØVRE DÅSVAND

### DS 6/18 SVAR PÅ SØKNAD OM TILSKOT TIL NYDYR KING PÅ TVEIT GNR. 19, BNR. 5

### DS 7/18 SVAR PÅ SØKNAD OM TILSKOT TIL NYDYR KING

### PS 9/18 DRØFTING/ORIENTERINGSSAKER

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018

#### Handsaming:

Fylkesmannen si landbruksavdeling v Landbruksdirektør Tore Haugum og Ole Magne Omdal orienterte om mobilisering og arbeid for gründerskap i landbruket. Drøfting om utfordringar kring drifta av areal og busetting, heiltidsnæring vs nisjeproduksjonar og alternative næringar med utgangspunkt i landbrukseigedomar, konsesjon og prisregulering, kompetanse i rettleiingsapparat og kommunane si kapasitet innafør feltet m.m. Orientering om temasatsingar og mobilisering og nytte pt.

Setesdal vidaregåande skule v/ rektor Birgit Attestog prosjektleiar orienterte om utviklingsprosjekt vedrørende linetilbod mv. Ordskifte om tydinga av lokale tilbod/skulestruktur, mobilitet/ rutetilbod og studietilbod, opptakskretsar mv. Skulen ønskjer dialog og innspel i prosessen. Kommunane, ungdomsråd osv. blir kontakta.

## **PS 10/18 ORIENTERING YMSE REPR / UTVAL**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**  
**Handsaming:**

Steinar Kyrvestad orienterte om han hadde delteke på rådsmøte i Fjellnettverket i mai 2017.

## **PS 11/18 FØRESPURNADER**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**  
**Handsaming:**

Ingen innmeldte førespurnader.

## **PS 12/18 KONSTITUERING - VAL AV REPRESENTANTAR TIL REPRESENTASJON**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**  
**Handsaming:**

Mailmøte vedr. val av styreleiar og nestleiar blir formalisert gjennom denne protokollen.

Det er ønskeleg med tettare kontakt med Fjellnettverket. Invitasjon til rådsforsamling for Fjellnettverket blir sendt styret for mogleg observatør/deltaking.

Representantar vart føreslege som nedfelt i vedtak nedanfor.

### **Vedtak:**

Styreleiar for 2 år: Bjørn Ropstad

Nestleiar for 2 år: Leiv Rygg Langerak

Vassdragsstyret for nedre Otra – observatør til styret: Leiv Rygg Langerak

Vassdragsstyret for Øvre Otra, Krypsivprosjektet, og Krypsivfondet (for 2 år)

Leiv R Langerak fast, 1. vara Steinar Kyrvestad, 2. vara Jon Rolf Næss

Forvaltingsplan for Otra / vassdirektivet – arbeidsutvalet : ordførarane i respektive kommunar

Vassregionutvalet: fast repr. Steinar Kyrvestad, vara: Leiv R. Langerak

Grunnfondet for Bjoren, styremedlem : Bjørn Ropstad

Setesdal gründer og samfunnsutvikling , styringsgruppa Jon Rolf Næss, vara blir vald blant nye styrepr. 2018.

Fjellnettverket – rådsforsamlingsutsendingar: Steinar Kyrvestad, Jon Rolf Næss og dagleg leiar.

## **PS 13/18 OFFENTLEG INNKJØP - INNKJØPSSAMARBEID OG LOKAL VERDISKAPING**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Runar Granheim orienterte om rapporten.

**Vedtak:**

Styret tek rapporten til etterretning.

Rapporten blir sendt til kommunane. Avhengig av tilbakemeldingar og ønskje om ev fellestiltak t.d. om kompetansetilbod kan Regionrådet ta ei operativ rolle i høve t.d.kurs – utvikling av felles innkjøpsstrategi eller anna. Administrasjonen blir bedt om å legge fram utkast til innkjøpsreglement i samarbeid med representantar for kommunane, gjerne med utgangspunkt i reglementet til Evje og Hornnes kommune.

Styret tilrår at kommunane gjer leverandørlistene offentlege, over same lest som leverandørstatistikken frå Kommunal Rapport.

## **PS 14/18 HØYRINGSUTTALE - PLANPROGRAM REGIONPLAN AGDER 2030 - SETESDAL REGIONRÅD**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Dagleg leiar orienterte om saka og drøfting i rådmannsgruppa.

**Vedtak:**

Styret i Setesdal regionråd ser arbeidet med felles regionplan for Agder som viktig og verdfullt. Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å avgi uttale i tråd med saksframlegget og innspel framkome i møtet.

## **PS 15/18 HANDSAMING - SØKNAD OM DELTAKING I MARA- PROSJEKTET**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**

**Handsaming:**

Styreleiar og dagleg leiar orienterte i saka.

**Vedtak:**

Styret godkjenner framlegg til deltaking i EU-prosjekt med pilotsatsing innretta mot utvikling av el-sykkelsatsing og nye transportløysingar/-tenester for auka mobilitet for unge og andre som sjølv ikkje disponerer bil eller kollektivtransport som ivaretek transportbehov for «fullverdig» samfunnsdeltaking og kvardagsliv i distriktet.



Ledig ramme for forskning og innovasjon i budsjettet for 2018, kr 450.000, blir avsett til dette føremålet. Restfinansiering vil dels bli innarbeidd gjennom dels eigeninnsats og inndekking i budsjettet for 2019 og 2020 (prosjektperioden er 30 mnd). I tillegg får dagleg leiar/prosjektleiar fullmakt til vidare arbeid med siktemål å utløyse annan ekstern med-finansiering gjennom nasjonale/regionale ordningar innretta for samfunnsdeltaking/ regional - /lokalsamfunnsutvikling, barn/unge, folkehelse/levkår, klima, miljø, transport/elektrifisering, berekraft, reisemålsutvikling, innovasjon m.m.

## **DRØFTING/ORIENTERINGSSAKER**

### **DR 1/18 FØRESPURNAD - ÅSERAL KOMMUNE - OBSERVATØRSTATUS - SETESDAL REGIONRÅD**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**  
**Handsaming:**

Ordførar Oddmund Ljosland orienterte om førespurnad.

Framlegg til vedtak framsett i møtet.

#### **Vedtak:**

Styret i Setesdal regionråd ønskjer Åseral kommune velkomen som observatør i 2018.

Styret ønskjer at Åseral kommune vurderer fast deltaking i Regionrådet innan 2019.

Åseral får observatørstatus med møte og tale- og forslagsrett.

Nærings saker / u.off- saker vil vere unnateke.

Samrøystes.

### **PS 16/18 STIPENDORDNING PROFESJONELT STYRE**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**  
**Handsaming:**

Samrøystes.

#### **Vedtak:**

Styret tek rapporten til orientering.

### **PS 17/18 SELSKAPSORGANISERING - EVJEKLINIKKEN AS - INVITASJON EMISJON**

**Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018**  
**Handsaming:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Styret sluttar seg til selskapsorganisering som føreslege. Regionrådet teknar seg for sin førehaldsmessige del av emisjonen i samband med etableringa av Evjeklinikken Holding AS. Dagleg leiar får fullmakt til signering av stiftingsdokumenta. Emisjonen blir dekt gjennom løyving frå ansvar 9000.

**PS 18/18 SØKNAD - OSE WATER****Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018****Handsaming:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Styret løyver kr. 500.000 til Ose Water som etablerings-/investeringsstøtte. Støtta kan gå til dekking av kostnader i samband med demontering, flytting og installasjon av produksjonsline og PET-/BiB-line, og andre relevante oppstartkostnadar. Støtta blir utbetalt på bakgrunn av stadfest prosjektrekneskap.

Ein føreset at Bygland kommune yter tilsvarende beløp.

**DRØFTING/ORIENTERINGSSAKER****DR 2/18 DRØFTING - SETESDAL BILRUTER****Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 28.02.2018****Handsaming:****Vedtak:**

Styret avventer generalforsamling i verksemda. Samrøystes